



## Notat

Dato: 03.05.2019  
Arkivsak: 2018/3430-16  
Saksbehandlar: karnybo

---

**Til:** Utval for miljø og samferdsel  
Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Status for Klimasats-prosjekt om fossilfrie bygge- og anleggslassar i Hordaland/Vestland

Klimasats er ei nasjonal støtteordning for klimatiltak i kommunesektoren administrert av Miljødirektoratet. Støtte blir gitt både til å bidra til reduserte klimagassutslepp og til omstilling til lavutslippsamfunnet. Blant dei prosjekta Hordaland fylkeskommune har fått støtte til, finn vi «Fossilfri/lågutslepps bygge- og anleggslassar i Hordaland». Målet med dette prosjektet/tiltaket er å få meir kunnskap om miljøeffekten, kostnadskonsekvensar og leverandørane sine mulegheiter til å levere og å vurdere om det er muleg å kunne ta initiativ til eller delta i kunngjering på Doffin om utsleppsfrie bygge- og anleggslassar.»

Hordaland fylkeskommune fekk kr 225.000 frå Klimasats i 2017 og utløyser dette tilskottet ved å stille midlar frå tiltak i Klimaplanens handlingsprogram og eigeninnsats i form av tid.

#### Politisk forankring

I samband med politisk handsaming av dei årlege handlingsprogramma for Klimaplan for Hordaland, er det gjort fleire vedtak som handlar om klimagassutslepp frå fylkeskommunale utbyggingsprosjekt. Det er/har også vore tiltak i handlingsporgramma som handlar om utslepp både frå fylkesvegprosjekt, bybaneutbygging og bygg.

#### Fylkestingsvedtak:

- Desember 2018 vedtakspunkt 8  
«Fylkestinget ber om at det vert stilt krav om nullutslepp av klimagassar eller bruk av fornybart berekraftig drivstoff for alle nye anlegg.»
- Desember 2017 vedtakspunkt 4  
«Fylkestinget syner til omtale om samarbeid og partnarskap i handlingsprogrammet. Fylkestinget ber om at det vert tatt initiativ til eit samarbeid med Statens Vegvesen og Jernbaneverket om reduksjon av klimagassutslepp frå store utbyggingsprosjekt både gjennom planarbeid og i utbyggingsfasen.»
- Desembertinget 2016 vedtakspunkt 12  
«Fylkestinget syner til tiltak 5.17 Klima- og miljøkrav i utbyggingsprosjekt. Dette tiltaket skal prioriterast i handlingsprogrammet for 2017. Fylkesutvalet får ei sak der ein gjer greie for korleis krav om klima- og miljøbudsjett for alle store utbyggingsprosjekt i vegsektoren kan gjennomførast.»

- Desember tinget 2015 vedtakspunkt 6  
«Klima- og miljøbudsjett skal følge alle vegutbyggingsprosjekt.

### Tiltak i klimaplanen og det interne miljøhandlingsprogrammet

Det har vore tiltak kring utfordringa med utslepp frå bygge- og anleggspllassar i klimaplanens handlingsprogram i fleire år.

2017 - Tiltak 5.17 Klima- og miljøkrav i utbyggingsprosjekt, Bybanen Utb. og Fylkesvegbygging .

2018 - Tiltak 5.3 Klima- og miljøkrav i utbyggingsprosjekt, Bybanen Utb. og Fylkesvegbygging.

2019 –Tiltak 5.2 Klima- og miljøkrav i utbyggingsprosjekt, Bybanen Utb. og Fylkesvegbygging.

2019 –Tiltak 4.2 Fossilfri/lågutslepps bygge- og anleggspllassar, eigenfinansiering til Klimasats

For å følgje opp dei politiske intensjonane vart det i 2017 søkt om midlar frå Miljødirektoratet til å få meir kunnskap om miljøeffekten, kostnadskonsekvensar og leverandørene sine mulegheiter til å leve. Hordaland fylkeskommune fekk kr 225.000 over Klimasats-ordninga. Målet er å få nok kunnskap til å vurdere om det er muleg å kunne ta initiativ til eller delta i kunngjering på Doffin om utsleppsfrie bygge- og anleggspllassar.»

Tiltaket er ein del av det interne miljøhandlingsprogrammet for HFK, som også blir handsama i toppleiargruppa. I deira møte 19.01.19 var ordlyden i vedtakspunkt 2: *“Toppleiargruppa ønsker informasjon om mulegheitene HFK og andre offentlege aktørar på Vestlandet har til å be om utsleppsfrie bygge- og anleggspllassar ”*

I det interne miljøhandlingsprogrammet fort 2019 står følgjande om dette tiltaket:

Tiltak	Ansvar	Status
Arbeide for å fremje fossilfrie/Lågutslepp byggepllassar, bybaneutbygging og fylkesvegar	KNS følgjer opp med konsulent Egedomsavdelinga, Bybanen utbygging og Samferdselsavdelinga ønsker å avklare miljøeffekten, kostnadskonsekvensar og leverandørene sine mulegheiter til å leve fossilfrie løysingar.	Miljødirektoratet løyvde kr 225.000 frå klimasats til dette medio 2018. Det er sett av fylkeskommunale midlar for å matche og Asplan Viak har oppdraget. Dei fylkeskommunale midla må overførast frå 2018 til 2019.  Prosjektet omhandlar Bybaneutbygging, Fylkesvegar og fylkeskommunale byggeprosjekt.

### Status

Hordaland fylkeskommune ønsker å redusere klimagassutslepp frå bygge- og anleggstenester som vi kjøper inn. Fylkeskommunen har fått tilskott frå Miljødirektoratet for å sjå på mulegheitene for at Hordaland/Vestland fylkeskommune kan be om fossilfrie bygg- og anleggspllassar og gjennomføre dette, aller helst saman med andre offentlege byggherrar.

- [Asplan Viak sin rapport](#) ligg no føre.
- 21.03 vart det halde seminar for tilsette i Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar om erfaringar og framtidsutsikter for fossilfrie bygge- og anleggspllassar.
- 28.05 inviterer fylkeskommunen andre offentlege byggherrar som er med i Klimapartner Hordaland for å høyre om det kan vere aktuelt å legge ei felles kunngjering på Doffin om utsleppsfrie bygge- og anleggspllassar.

- Sept 2019 vil HFK saman med Klimapartner arrangere ein slags dialogkonferanse der også leverandørbransjen og andre interesserte vil bli inviterte.

Ei liknande, felles kunngjering som ein no vil diskutere å leggje ut for aktørar i Vestland-regionen, vart lagt ut på Doffin i 2017 og er gjengitt under her. Ei evt erklæring frå Vestlandsaktørar kan sjå sjølvsagt anleis ut dersom deltarane ønskjer det.

## **Felles og veiledende kunngjøring fra fellesinitiativet for utslippsfrie bygge- og anleggsplasser**

**Utbyggerne bak initiativet:**



**Bakgrunn:** Bygge- og anleggsplasser bruker hovedsakelig fossil energi og står for en stor andel av forurensningen. I Oslo alene tilsvarer klimagassutslippene fra bygge- og anleggsvirksomhet 30 % av byens transportrelaterte utslipp. I tillegg er de en vesentlig kilde til luftforurensning og støy. Det har i det siste kommet flere utslippsfrie løsninger og teknologi på markedet. Likevel er det per i dag ikke mulig for byggherrer å benytte helt utslippsfri teknologi innen transport til og fra byggeplass, byggvarme og byggeuttørring, eller for anleggsmaskiner på selve byggeplassen. Per i dag er det kun for de mindre maskinene det kan leveres utslippsfrie alternativer, mens det for de større maskinene foreløpig er svært få alternativer – bortsett fra bærekraftig fornybar diesel.

For å kunne stille realistiske krav er det viktig å legge til rette for at slike løsninger blir tilgjengelige framover, noe dialog med markedet og en rekke støtteordninger kan bidra til, i tillegg til forutsigbare krav fra oss som offentlige byggherrer slik at utviklingsløp blir mulig. Utslippsfrie bygge- og anleggsplasser vil utvilsomt være et viktig bidrag fra bransjen for at Norge skal klare sine forpliktelser i Paris-avtalen.

**Retning:** Virksomhetene i fellesinitiativet for utslippsfrie bygge- og anleggsplasser har ambisjon om utslippsfrie bygge- og anleggsplasser. For å oppfylle ambisjonen vil vi stille krav om bruk av utslippsfrie teknologier, prosesser og løsninger knyttet til drift av bygge- og anleggsplasser etterhvert som utslippsfri teknologi og kunnskap blir tilgjengelig på markedet. Virksomhetene vil være pådriver for denne utviklingen.

Fellesinitiativet er tilrettelagt av Nasjonalt program for leverandørutvikling. Kontaktpunkt for initiativet er Tina Sølvberg, klima- og miljøansvarlig: [tina.solvberg@nho.no](mailto:tina.solvberg@nho.no)

### **Ytterligere støttespillere og partnere til fellesinitiativet:**



Innovative  
anskaffelser  
Nasjonalt program for  
leverandørutvikling

Vedlegg: [Asplan Viak rapport](#)